



Stopp vald mot kvinner



Stopp vald mot kvinner

8.mars handlar om fridom, tryggleik og rettferd. Altfor mange kvinner i Noreg lev i frykt – for slag, truslar, kontroll og konsekvensane av å seia frå.

Over 8 prosent av kvinner blir utsette for vald frå ein partner i løpet av livet. Mange blir aldri sett, aldri trudd og aldri beskytta. Vald mot kvinner er ikkje enkelthendingar. Det er eit mønster. Eit samfunnsproblem. Eit likestillingsproblem.

8.mars minner oss om at likestilling også handlar om retten til eit liv utan vald. Eit liv med tryggleik – ikkje frykt.

Nok er nok.

Vi krev:

- Styrka tidleg innsats. Skule, helsestasjonar og andre tenester må ha ressursar til å avdekkje vald før han blir livstruande.
- Styrking av krisesentera. Alle som ber om hjelp skal få det.
- Økonomisk tryggleik. Ingen skal måtte velje mellom vald og fattigdom.
- Eit rettssystem som vernar. Saker om vald i nære relasjonar må takast på alvor og etterforskast grundig, og valdsutsette må møtast med respekt.

Sosialistisk Venstreparti

Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn her

